

BACHELOROPPGÅVE

Kva betydning har det biologiske prinsipp i avgjersler om omsorgsovertaking og fastsetjing av samvær?

av

72- Ingunn Breili

Barnevern, bachelorstudium

BSV5-300

Mai 2015



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva ***Kva betydning har det biologiske prinsipp i avgjersler om omsorgsovertaking og fastsetjing av samvær?*** i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

72 – Ingunn Breili

JA X NEI__

Innhold

1.0 Innleiing	1
1.1 Oppgåvas problemstilling.....	2
1.2 Oppbygging av oppgåva.....	2
2.0 Korleis eg har jobba med temaet og oppgåva	3
2.1 Søkeprosessen etter relevant litteratur	3
2.2 Kjeldekritikk	4
3.0 Teoretisk utgangspunkt: barnets beste, biologisk prinsipp, tilknytning og utviklingsstøtte ..	5
3.1 Barnets beste.....	5
3.2 Det biologiske prinsipp.....	7
3.3 Tilknytning	8
3.4 Utviklingsstøtte.....	10
4.0 Det biologiske prinsipp, omsorgsovertaking og samvær	12
4.1 Minste inngreps prinsipp kontra barnets beste	13
4.2 Volds - og alvorlege omsorgssviktsaker og betydinga av det biologiske prinsipp.	15
4.3 Kva skal til for omsorgsovertaking	17
4.4 Samvær og tilbakeføring	18
5 Oppsummering	20
Litteraturliste:	22

1.0 Innleiing

Som tema for oppgåva mi har eg valt det biologiske prinsipp og kva verknad det har på avgjerder om omsorgsovertaking og samvær i barnevernssaker. Det biologiske prinsipp handlar om å sikre barnets rett til å kjenne til sitt biologiske opphav, at det er desse som skal gi barnet omsorg og at barn ikkje utan vidare skal bli skilde frå foreldra. Å vekse opp med biologiske foreldre har ein eigenverdi (St.meld.40, 2001-2002, s.13).

I følge Bunkholdt & Sandbæk (2008) er det biologiske prinsipp eit av dei styrande prinsippa i alt barnevernsarbeid. I tillegg er det ein av grunnverdiane i vårt samfunn då det er vanlegast for barn å vekse opp med sine biologiske foreldre. Eg finn det difor fagleg relevant å diskutere dette prinsippet. I dei alvorlegaste sakene som endar med omsorgsovertaking, er det i følge Barnevernslova (1992) §4-12, a og c, forhold som alvorleg omsorgssvikt, vold og overgrep som dannar grunnlaget for sakene. Konsekvensane for barn som opplever dette, kan bli alvorlege. Difor ynskjer eg å finne ut meir om kva som gjer det biologiske prinsipp så sterkt og kva positive og negative konsekvensar dette kan ha for barn i saker med omsorgsovertaking. Det er viktig å ha eit godt fagleg grunnlag når ein skal behandle desse sakene. Kvart enkelt barn og kvar enkelt familie er unik, og det er ingen fasit på kva som er barnets beste. Barnets beste er også eit styrande prinsipp i barnevernet. Det blir brukt skjøn når desse sakene skal behandlast, og det er difor viktig å heile tida diskutere kva som er det beste for barnet, korleis det kan fremjast på best muleg måte og kva verdiar barnets beste kan kollidere med.

Barnevernslovas hovudformål er å sikre barn og unge nødvendig hjelp og omsorg til rett tid dersom dei lever under forhold som kan skade helse og utvikling. Lova skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår (Barnevernslova, 1992, §1-1). I følge lovas §4-12 inneber dette altså i nokre av sakene å overta omsorga for barn. I desse sakene må det biologiske prinsipp vike for barnets beste. I 2013 var det 53150 barn som hadde tiltak i barnevernet. Av desse var 9078 under omsorgstiltak (SSB, 2013). Dette viser at dei fleste sakene i barnevernet er hjelpetiltak, og at omsorgstiltak berre er aktuelt i dei alvorlegaste sakene. Det er i desse sakene forholdet mellom det biologiske prinsipp og barnets beste blir mest tydeleg.

1.1 Oppgåvas problemstilling

Ut frå temaet det biologiske prinsipp og korleis det kan ha innverknad på barnets beste, har eg valt å diskutere denne problemstillinga:

Kva betydning har det biologiske prinsipp i avgjersler om omsorgsovertaking og fastsetjing av samvær?

Eg har valt å leggje vekt på tilknytning og utviklingsstøtte som teoretisk rammeverk når eg drøftar dette. I tillegg vel eg å ha fokus på dei alvorlegaste sakene i drøftinga der eg meiner vektlegginga av det biologiske prinsipp kan gjere størst skade for barnet. I NOU 2012:5, som omhandlar betre beskyttelse av barns utvikling, har eit utval med barnepsykolog Magne Raundalen som leiar, komme med forslag om eit nytt prinsipp som dei kallar det utviklingsstøttande tilknytingsprinsipp. Dei meiner dette prinsippet skal brukast i saker om omsorgsovertaking ved å vurdere om tilknytingskvaliteten mellom omsorgspersonane og barnet er utviklingsstøttande eller ikkje. Mykje forskning i nyare tid har fokus på kor viktig tilknytingskvalitet er for barns utvikling.

1.2 Oppbygging av oppgåva

I første delen av oppgåva vil eg vise korleis eg har gått fram i arbeidet og skrive om den metoden eg har brukt. Eg har gjort eit litteaturstudium og vil i dette kapittelet grunngi kvifor eg har valt denne metoden. Deretter vil eg gå kritisk gjennom kjeldene eg har nytta, seie noko om korleis eg fann fram til dei og diskutere relevansen av kjeldene for diskusjonen av problemstillinga.

Vidare skal eg definere nokre av dei viktigaste omgrepa i oppgåva. Eg har valt å seie noko om barnets beste, det biologiske prinsipp, tilknytning og utviklingsstøtte. Dette utgjør det teoretiske utgangspunktet for drøftinga av problemstillinga.

I siste del av oppgåva skal eg diskutere problemstillinga som omhandlar verknaden det biologiske prinsipp har i avgjersler om omsorgsovertaking og samvær. Eg skal først drøfte korleis minste inngreps prinsipp påverkar desse avgjerdene. Deretter skal eg knyte det opp mot dei alvorlegaste sakene med vold og grov omsorgssvikt og kva verknad dette har på tilknytning og utvikling. Eg vil så drøfte kva som skal til for å få medhald i krav om

omsorgsovertaking, og til slutt vil eg drøfte betydninga av det biologiske prinsipp ved samvær og tilbakeføring.

2.0 Korleis eg har jobba med temaet og oppgåva

Det finst ulike metodar ein kan bruke for å finne relevant stoff til ei slik oppgåve. Ein kan gjere empiriske undersøkingar eller foreta litteraturstudium. Empiri er kunnskap som har sitt grunnlag i forskning og ikkje i synsing (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 36). Eg har valt å bruke litteraturstudium i oppgåva. Det betyr at eg nyttar datamateriale som andre forskarar og fagpersonar har samla inn om betydninga av det biologiske prinsipp i avgjerder om omsorgsovertaking og samvær. Eg har valt litteraturstudium fordi det finst mykje relevante fagbøker og forskingsartiklar om dette temaet frå før, og eg ønskjer å sjå på ulike sider av det biologiske prinsipp gjennom ulike kjelder. Eg vel å bruke både primærkjelder og sekundærkjelder. Primærkjelder tyder at det er forfattaren sjølv som har komme fram til dei data han skriv om. Sekundærkjelder er dei kjeldene der forfattaren har tolka datamateriale som andre forskarar har funne fram til (Johannessen et al., 2010). Ei primærkjelde eg har brukt er for eksempel Kirsten Sandbergs bok om tilbakeføring av barn etter omsorgsovertaking og ei sekundærkjelde er Vigdis Bunkholdts bok om fosterheimsarbeid.

2.1 Søkeprosessen etter relevant litteratur

Eg har brukt biblioteket sin søkemotor Oria når eg starta å søke. Vidare har eg blant anna brukt databasane Google Scholar og Idunn for å finne litteratur. Søkeorda eg har brukt for å finne relevant litteratur er: **det biologiske prinsipp, det biologiske prinsipp og barnets beste, det biologiske prinsipp og tilknytning, det biologiske prinsipp og omsorgsovertaking, det biologiske prinsipp og samvær og det utviklingsstøttande tilknytingsprinsipp**. Når eg søkte berre det biologiske prinsipp i Oria fekk eg 211 treff. Det vart avgrensa når eg la til eit av dei andre søkeorda. I tillegg til dette har eg funne litteratur ved å ta utgangspunkt i bøker på pensum, blant anna Vigdis Bunkholdt og Mona Sandbæks bok *Praktisk barnevernsarbeid* (2010). Eg såg i litteraturlistene og brukte dette for å søke vidare. For eksempel fann eg ein artikkel av Bunkholdt i tidsskriftet Norges barnevern nr. 1-2003 i litteraturlista til Bunkholdts bok *Fosterhjemsarbeid* (2010) som me hadde på pensum. I

litteraturlistene såg eg spesielt etter litteratur om det biologiske prinsipp, omsorgsovertaking, barnets beste og tilknytning. Det finst ein god del litteratur som seier noko om det biologiske prinsipp og kva betyding det har i avgjersler om omsorgsovertaking og fastsetjing av samvær. Men eg har ikkje funne så veldig mykje forskning på dette, og det er også kommentert i nokre av artiklane eg har brukt.

2.2 Kjeldekritikk

Eg har funne mykje litteratur som Vigdis Bunkholdt har skrive, både bøker og artiklar. Artiklane har eg stort sett funne i tidsskriftet Norges Barnevern. Kunnskapen i desse artiklane har vore nyttig fordi det, blant anna i artikkelen til Bunkholdt i Norges barnevern nr. 1-2013, blir diskutert vektlegginga av det biologiske prinsipp i barnevernssaker. Bunkholdt var også med i utvalet som har laga NOU-rapporten 2012:5 *Betre beskyttelse av barns utvikling*. Eg finn hennar litteratur truverdig då ho har utdanning og brei erfaring som er relevant for temaet eg har valt. Eg har blant anna brukt boka *Utviklingspsykologi* (2000), som er ei sekundærkjelde, i teoridelen om tilknytning. Dei andre bøkene er *Fosterhjemsarbeid* (2010) og *Praktisk barnevernarbeid* (2013) som ho har skrive saman med Mona Sandbæk. Her har eg funne litteratur om det biologiske prinsipp og barnets beste og kva verknad det har i avgjersler om omsorgsovertaking og samvær. Dette er difor relevant kunnskap for drøfting av problemstillinga mi.

Eg har også brukt Kirsten Sandberg si bok *Tilbakeføring av barn etter omsorgsovertakelse* (2003). Dette er ei doktorgradsavhandling og er difor ei primærkjelde basert på hennar forskning. Boka er relevant fordi den omhandlar kva betyding det biologiske prinsipp har ved tilbakeføring, og mykje av dette samsvarar med betydinga ved omsorgsovertaking og samvær. Den tek også grundig for seg lovverket og rettspraksis i desse sakene.

Vidare har eg brukt boka til Øyvind Kvello, *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner* (2010), som kjelde i oppgåva. Han har også utdanning og erfaring som er relevant for tema. Kvello har hovudfag i pedagogikk, doktorgrad i utviklingspsykologi og har spesialisert seg på blant anna tidleg intervensjon og spedbarnsvurdering. Eg har brukt denne litteraturen i analysen av dei alvorlegaste sakene som omhandlar vold og overgrep, kva tilknytning har å seie i desse sakene og kva konsekvensar utrygg tilknytning kan få for barn.

I tillegg til har eg brukt St.meld. nr. 40 2001-2002 *Om barne og ungdomsvernet*, og NOU 2012:5 *Betre beskyttelse av barns utvikling* som begge inneheld litteratur som omhandlar temaet eg har valt. Stortingsmeldinga omhandlar blant anna alle prinsippa i barnevernsfagleg arbeid, og i NOU står det om det utviklingsstøttande tilknytingsprinsipp og kva rolle det biologiske prinsipp bør ha i forhold til barnets beste.

Eg vurderer validiteten på litteraturen eg har valt som god fordi kunnskapen eg finn belyser min problemstilling frå mange ulike kjelder. Validitet seier noko om kva relevans og gyldigheit data har for problemstillinga (Johannessen et al., 2010).

3.0 Teoretisk utgangspunkt: barnets beste, biologisk prinsipp, tilknytning og utviklingsstøtte

I denne delen av oppgåva vil eg presentere nokre viktige omgrep som knyter seg til det biologiske prinsipp på ulike måtar. For å kunne ta viktige avgjersler som å fremje forslag om omsorgsovertaking og samvær, må ein vite kva som verkar inn på barns utvikling. Først vil eg skrive om barnets beste som er det overordna prinsippet for alt arbeid innanfor barnevernstenesta. Deretter vil eg seie noko om kva det biologiske prinsipp er og kvifor det står så sterkt i vårt samfunn. Så skal eg forklare ulike tilknytningsteoriar, og til slutt seie noko om kva utviklingsstøtte er og kva som trengst for at eit barn skal få ei best muleg utvikling.

3.1 Barnets beste

Barnets beste er forankra i ulike lover og paragrafar som er styrande for barnevernsarbeidet. FNs barnekonvensjon vart vedteken i 1989 og seier noko om kva rettar barn og unge under 18 år har. Artikkel nr 3 seier at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som rører ved barnet. Artikkel nr 12 handlar om barns rett til å uttale seg i saker som angår dei (Barnekonvensjonen, 1989). Barnekonvensjonen vart ratifisert av Norge i 1991 og Barnevernslova er utarbeidd i samsvar med denne. I Barnevernslova (1992) §4-1 står det at når ein skal finne tiltak, skal det leggjast avgjerande vekt på barnets beste. Barnet skal sikrast ein stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorga (Barnevernslova, 1992). Grunnlova vart endra 6.mai 2014 og den seier no at det skal takast grunnleggjande omsyn til barnets beste ved handlingar og avgjerder som rører ved barn (jf. §104, andre ledd). Sjølv om barnets

beste er forankra i mange lover, er det viktig å vite at tiltak ikkje kan setjast i verk berre ut frå dette. Det må føreligge tilhøve som etter Barnevernslova gir høve til å sette i gang tiltak.

Barnets beste er eit normativt omgrep. Det vil seie at det endrar seg ut frå tid og kontekst (Sandberg, 2003). Tidlegare vart barndom sett på som noko alle måtte gjennom for å bli vaksne, sjølvstendige individ. Barn vart ofte behandla som objekt og ikkje som subjekt med sjølvstendige tankar, meiningar og rettigheiter. Denne haldninga og kulturen finn ein framleis i enkelte deler av verda. I vårt vestlege samfunn blir det å vere barn sett på som ein verdi i seg sjølv. Likevel er ikkje alle til ei kvar tid einige om kva som er barnets beste. I saker med omsorgsovertaking må det i kvart tilfelle vurderast kva som er barnets beste ut frå akkurat dette barnets behov (Barnevernslova, 1992, §4-1). Då er det viktig med eit godt fagleg forankra skjønn i den enkelte sak, og at ein kan argumentere for dette (Bunkholdt & Sandbæk, 2013). Det er viktig å tenke på at det kan vere ulike meiningar og haldningar om dette, og at det kan vere avgjerande i utfallet av slike saker.

I forhold til problemstillinga om kva betyding det biologiske prinsipp har i saker med omsorgsovertaking og samvær, er kontinuitet kontra stabilitet ofte diskutert. Kontinuitet og stabilitet er av stor betyding i omsynet til barnets beste og er forankra i Barnevernslova §4-1, andre punktum. Bunkholdt & Sandbæk (2013, s 254-255) skriv at kontinuitet er å ha ein samanhengande livshistorie. Det er å vere omgitt av dei same menneska gjennom store deler av livet. Andre måtar å oppleve kontinuitet på er gjennom fotografi og historier fortalt frå barndom og oppvekst. Kontinuitet er med på å utvikle identitet. Me er i ulik grad prega av fortida vår. Kontinuitet er viktig for mange, men ikkje for alle. Bunkholdt & Sandbæk (2013, s 255) skriv vidare at stabilitet vil seie å ha menneske rundt ein som gir god omsorg utan atterhald og som ein kan stole på i alle situasjonar. Dette fører til ei oppleving av tryggleik og stabilitet i behovsdekking. I saker der omsorgsovertaking kan vere aktuelt, ser eg at stabilitet og kontinuitet kan bli sett opp mot kvarandre.

Eit anna viktig omsyn når ein vurderer barnets beste, er barns rett til medverknad og til å uttale seg (Lindboe, 2012). Dette er, i tillegg til i Barnekonvensjonen, forankra i Barnevernslova (1992) §6-3. Barn over 7 år har rett til å uttale seg i saker som omhandlar barnet. Også barn under 7 år skal få denne mulegheita dersom dei er i stand til å danne eigne synspunkt. Meiningane til barnet skal leggjast vekt på ut frå alder og modning. Vidare har barn over 15 år partsrettar i si ei eiga sak (Lindboe, 2012). Eg tenker at det å gi barn mulegheit til å seie meiningane sine i saker som omhandlar dei, er heilt sjølvsgt. Det er dei

som er ekspertar på eige liv, og det er viktig for dei å føle at dei blir høyrte. Min erfaring frå praksisperioden er at det ikkje like enkelt let seg gjennomføre i forhold til tid, ressursar og haldningar til betydninga av at barnet blir høyrte. I nokre tilfelle blir det kanskje teke ein kort samtale med barnet fordi det er lovpålagt, og det blir kanskje ikkje vektlagt slik det skal.

Eg har her sett søkelys på at i alt barnevernsarbeid er prinsippet om barnets beste det overordna prinsipp, og omsynet til dette skal leggjast mest vekt på. Vidare skal eg skrive om det biologiske prinsipp. Omsynet til dette prinsippet kan komme i konflikt med omsynet til barnets beste i enkelte saker om omsorgsovertaking og samvær.

3.2 Det biologiske prinsipp

I følge St.meld.40 (2001-2002, s.13) er det biologiske prinsipp ein av grunnverdiane i vår kultur. Alle har rett til å få barn, og ein sikrar ved dette slekta å leve vidare. Det blir vidare hevda at å vekse opp med biologiske foreldre er ein ressurs i seg sjølv, og det er ein del av samfunnsordninga vår at ansvaret for å oppdra barn ligg hjå foreldre. Det biologiske prinsippet står ikkje nemnt i Barnevernslova, men det er forankra i Den Europeiske Menneskerettskonvensjonen og i Barnekonvensjonen. I Menneskerettskonvensjonen artikkel 8 står det at alle har rett til respekt for privatliv og familieliv, og ingen offentlege organisasjonar skal gripe inn i dette utan forankring i lov. Barnekonvensjonen artikkel 16 stadfestar også regelen om barnets rett til privatliv.

Sjølv om det biologiske prinsipp ikkje står nemnt i Barnevernslova, blir det i utøvinga av lovverket lagt stor vekt på at barn skal vekse opp med biologiske foreldre. Ein skal ha prøvd ulike hjelpetiltak i heimen før det eventuelt kan fremjast sak om omsorgsovertaking. Forholda i heimen skal vere alvorlege før det blir aktuelt å flytte barn, og lova understrekar med dette at det er ein verdi i seg sjølv å vekse opp med biologiske foreldre. Dersom flytting likevel blir resultatet, skal det generelle målet vere tilbakeføring (Bunkholdt, 2010). I følge Barnevernslova (1992) §4-19 har foreldre og barn også rett på samvær med kvarandre etter omsorgsovertaking. Desse paragrafane viser at foreldra skal ha det primære ansvaret for omsorga til barn, mens barnevernet skal ha det sekundære ansvaret (NOU 2012:5, 2012, s. 41).

Bunkholdt (2013, s. 55-56) hevdar at det biologiske prinsippet knytt til familien blir rekna som sjølvsgt fordi det er så vanleg. Barn i tidlegare tider voks opp i storhushald der ikkje alle

var knytt saman av biologiske band, men av felles ansvar. Der hadde truleg barna omsorgspersonar som ikkje var i slekt, og dei vart knytt til vaksne uavhengig av biologiske band. Med industrisamfunnet endra dette seg til å bli kjernefamilie, og no er det vanlegaste å vekse opp med biologiske foreldre. Det biologiske prinsipp er forankra i tradisjonar og verdier som har endra seg frå storfamilie til kjernefamilie (Schiefløe, 2011). Eg trur at kulturen som rår i vårt samfunn, legg opp til eit A4-liv som kan gjere det vanskeleg å skilje seg ut frå det som blir rekna for normalt. Omsynet til dette kan vere med å styre barnevernets arbeid med familiar gjennom haldningane våre om at familien er så viktig i vårt samfunn. Likevel trur eg dei som jobbar innanfor barnevernet set barnets beste først, ut frå deira kunnskap og erfaring. Men eg trur dei kan oppleve motsetnaden mellom det biologiske prinsipp og barnets beste som eit dilemma i enkelte saker. Det kan utgjere ei etisk utfordring ved at dei må prioritere mellom ulike interesser hjå foreldre og barn. I FO sitt yrkesetiske grunnlagsdokument (2015) står det at ein skal ha den primære lojaliteten med den svakaste parten, og det vil i desse sakene bety at ein skal ha barnets beste i fokus heile tida.

Når ein ser på betydninga av det biologiske prinsipp i saker med omsorgsovertaking blir tilknytning eit viktig omgrep. Dette gjeld både kor viktig tilknytning er for barn og kvaliteten på tilknytninga som barnet har til sine biologiske foreldre. Eg skal vidare skrive om kva tilknytning er, ulike typar tilknytning og kva dette betyr for barns utvikling. Seinare skal eg bruke dette i drøftinga av kva verknad det biologiske prinsipp har i avgjerder om omsorgsovertaking og samvær.

3.3 Tilknytning

Trygg tilknytning er i følgje Bunkholdt (2000, s. 308) det nære kjenslemessige forholdet mellom barnet og dei nærmaste omsorgspersonane når desse er sensitive for barnets behov for tryggleik og kan dekke desse behova. Bowlby (1959) definerte tilknytning som barnets motivasjon til å søke trøst og tryggleik hjå omsorgspersonar når det er engsteleg eller redd. Omsorgspersonane er nokre få utvalte vaksne som barnet har nære kjenslemessige band til, ofte den/dei som har hatt ansvaret for den daglege omsorga frå barnet var fødd. Han seier vidare at tilknytning er ein grunnleggjande motivasjon hjå alle barn frå fødsel. Bowlbys tilknytningsteori bygger på at barn dei første leveåra utviklar indre arbeidsmodellar ut frå responsen dei får frå omsorgspersonane når dei treng trøst, vern og hjelp. Det vil seie at dei dannar seg ei mening om korleis dei best muleg skal få den responsen dei vil ha. Dersom

denne responsen stadig er negativ utan omsorg og støtte, prøver dei å finne andre måtar å få dekke behova for trøst og hjelp på (Bowlby, 1988).

Når ein vurderer tilknytning, er det oftast ikkje eit spørsmål om det finst tilknytning eller ikkje. Ein observerer grad av tilknytning og kvaliteten på den. Berre i enkelte spesielle tilfelle kan ein sjå at barn som har vakse opp under ekstreme tilhøve manglar tilknytning og evna til å knyte seg til andre menneske. Felles for alle retningane innan tilknytning, er at samspelet mellom omsorgspersonane og barnet har verknad på tilknytninga. Det har også sensitiviteten deira i forhold til barnets behov, både fysiske og kjenslemessige (Bunkholdt 2000; Smith 2002).

I følge Bowlby (1959) er barn altså fødte med ein motivasjon for å påkalle omsorg. Dei uttrykkjer dette heilt frå starten ved å prøve og oppnå denne omsorga gjennom ulike typar gråt som foreldra etter kvart lærer seg å kjenne. Seinare brukar dei vokalisering, blick og åtferd for å oppnå omsorg. For å få ei trygg tilknytning er barna avhengig av vaksne som oppfattar desse signala, tolkar dei rett, aksepterer dei og handlar bekreftande ut frå desse signala. Bunkholdt (2000) skriv at dei to første leveåra har vist seg å vere ein viktig periode for utvikling av tilknytning. Ein måte å observere tilknytning på blant eitt- og toåringar, er å sjå dei i lek ute. Der tar barna fleire og fleire steg bort frå den vaksne og utforskar omgivingane medan dei med jamne mellomrom kjem tilbake til eksempelvis mor for å få stadfesta at dette er trygt. Dei går så ut på ein ny ekspedisjon mens dei heile tida forvissar seg om at mor er der som ein trygg base å komme tilbake til. For at barn skal våge å utforske og bli trygge i dei stadig utvida omgivingane, er det viktig at dei har omsorgspersonar som er sensitive i forhold til å forstå kva dei treng av oppmuntring, trøst og tryggleik. Dei må trygge barna på at det dei gjer er greitt, og i motsett fall verne dei mot det som ikkje er trygt (Bunkholdt, 2000). I saker med omsorgsovertaking, som problemstillinga mi omhandlar, ser ein at dette ofte er eit problem. Barna har ikkje desse omsorgspersonane som gjer at dei får ei trygg tilknytning. Dette er viktig å ta med i avgjersler om omsorgsovertaking og samvær.

Mary Ainsworth (1978) har gjennom observasjonar av små barns åtferd delt tilknytning inn i tre typar. Ho kallar denne observasjonsmetoden for «The Strange Situation». Barn med trygg tilknytning oppfattar omsorgsperson som ein trygg base. Desse barna er trygge når omsorgspersonen er i nærleiken. Dei blir naturleg urolege når mor går, men kan etter kvart late seg trøste av andre og blir glade når mor kjem tilbake. Ainsworth (1978) deler opp barn med utrygg tilknytning i to kategoriar, engsteleg unnvikande og engsteleg ambivalent. Dei med engsteleg unnvikande tilknytning reagerer ikkje noko særleg når omsorgspersonen går frå dei.

Dei får heller ikkje nokon reaksjon når denne kjem tilbake, og er i det heile lite urolege for å vere åleine. Dei er unnvikande overfor nye menneske og situasjonar. Barn med engsteleg ambivalent tilknytning reagerer gjerne med avvising etter korte fråvær frå omsorgspersonen. Dei er ambivalente i møtet med denne ved at dei gjerne går mot personen for så å snu seg bort. Dei kan også straffe ved å slå eller anna liknande åtferd. Desse formene for tilknytingsåtferd er metodar barn brukar for å få merksemd frå foreldre som er fråverande, eller unngå merksemd frå foreldre som kan verke trugande på barna (Ainsworth, 1978). På bakgrunn av det eg har funne om tilknytingsåtferd, ser eg det som viktig å observere barn og foreldre i samspel når ein vurderer det biologiske prinsippet i forhold til omsorgsovertaking.

Main og Salomon la seinare til ei fjerde form for tilknytingsåtferd som dei kalla desorganisert åtferd (Bunkholdt, 2000). Barn med slik type åtferd veit ikkje kva dei skal gjere når dei møter att omsorgspersonane. Dei kan fryse bevegelsane, rugge fram og tilbake, skrike eller ha anna form for utagering. Denne forma for åtferd ser ein oftast hjå barn med veldig distanserte foreldre, eller der barna er utsette for vold eller mishandling (Kvelling, 2010). Det er i desse tilfella ein ser at omsynet til det biologiske prinsipp kan gjere størst skade, dersom prinsippet medfører at det for eksempel blir hyppig samvær etter omsorgsovertaking.

Tilknytning handlar altså om kjenslemessige forhold mellom barnet og dei nærmaste omsorgspersonane, og eg har framheva Bowlby og Ainsworth sine metodar for å observere denne tilknytninga. I NOU 2012:5 som eg har nemnt tidlegare, kjem det altså forslag om eit nytt prinsipp som dei kallar det utviklingstøttande tilknytingsprinsipp. Dei meiner at dette prinsippet skal ha forrang før det biologiske prinsipp, og vurderer utviklingsstøttande tilknytning som viktig for barnets utvikling. Vidare vil eg skrive om kva utviklingsstøtte barn treng for å få ei tilnærma normal utvikling, og litt om risikofaktorar hjå foreldre.

3.4 Utviklingsstøtte

Ein føresetnad for at foreldre skal kunne utføre adekvat omsorg og utviklingsstøtte, er at dei er sensitive for barns måte å kommunisere på alt frå fødsel av (Hafstad & Øvreeide, 2011). Dei må lære å tolke barnets signal, gi aksept for den det er og kommunisere dette tilbake til barnet. All slik kommunikasjon skjer i eit transaksjonelt mønster, det vil seier at barn og foreldre påverkar og blir påverka av kvarandre i eit samspel. Dette krev at foreldra er tilstade i barnets liv og prøver å forstå det frå barnets perspektiv, det vil seie å prøve og forstå barnet frå deira synsvinkel og ut frå deira oppfatning av det som skjer. I tillegg må foreldra ha

kunnskap om kva som er bra for barnet, legge til rette for det og hjelpe barnet å velje. Etter kvart som barnet mestrer ulike område må foreldra gi rom for autonomi og respektere at det er sjølvstendig (Hafstad & Øvreeide, 2011). For å komme vidare i utviklinga er det viktig at barnet har noko å strekkje seg etter på alle utviklingsområde, både motorisk, kognitivt, sosialt og emosjonelt. Dette kallar Vygotsky for barnets proksimale utviklingssone eller vekstsone (Bunkholdt, 2000, s.119). Den beskriv området mellom det barnet klarer åleine og det barnet har potensiale til å klare med litt hjelp og rettleiing. I denne sona er det særleg behov for nærvær og deltaking frå foreldra gjennom kommunikasjon og tilrettelegging. I tillegg er det viktig å beskytte barnet og gi det trygge rammer ved å stoppe det i å bevege seg inn på område det ikkje har føresetnader for å mestre eller forstå (Hafstad & Øvreeide, 2011, s.45).

Dette viser at det krev både innsats og innsikt for å gi god omsorg og utviklingsstøtte til barn. Nokre risikofaktorar hjå foreldra kan gjere det vanskelegare. Grøholt, Sommerschild & Garløv (2008) skriv at dersom foreldra ikkje har hatt ein trygg og stabil barndom og oppvekst, kan mangel på gode rollemodellar føre til at dei ikkje veit korleis det er å vere gode omsorgspersonar for barna. Slit foreldra med sjukdom, spesielt psykisk, kan dette verke inn på omsorgsevna. Dei har då ofte nok med seg sjølve, og klarer ikkje i tilstrekkeleg grad å ta seg av barn i tillegg. Andre faktorar som kan ha innverknad er lav IQ hjå foreldre, rusproblem samt manglande frustrasjonstoleranse og impuls kontroll. Det kan også vere ytre risikofaktorar som indirekte kan verke inn på omsorgsevne, som til dømes sosial isolasjon, dårleg økonomi, arbeidsløyse og bustadproblem (Grøholt et al., 2008). Ut frå problemstillinga må ein her vurdere kor mykje det biologiske prinsipp skal ha å seie i dei alvorlegaste sakene, og kor mange risikofaktorar barnet skal bli utsett for før det fører til omsorgsovertaking. Ein skal heile tida ha fokus på kva som er barnets beste.

I dette kapittelet har eg hatt fokus på overordna teoretiske omgrep som eg finn vesentlege i drøftinga av problemstillinga om det biologiske prinsipp verknad i saker med omsorgsovertaking. Barnets beste alltid skal vere viktigast i barnevernets arbeid, og det biologiske prinsipp står sterkt i vårt samfunn. Vidare har eg sett på kva tilknytning betyr for barns utvikling og ulike typar tilknytning, kva god utviklingsstøtte er og kva forhold ved foreldra som kan påverke dette. Vidare vil eg bruke dette teoretiske grunnlaget i drøftinga av problemstillinga mi.

4.0 Det biologiske prinsipp, omsorgsovertaking og samvær

I norsk barnevern er det stadige diskusjonar om kva betydning det biologiske prinsipp skal ha for avgjerder i saker om omsorgsovertaking og samvær etter plassering. I denne delen av oppgåva vil eg starte med å drøfte kva som gjer at det blir lagt vekt på det biologiske prinsipp. Deretter vil eg analysere korleis minste inngreps prinsipp har ein samanheng med det biologiske prinsipp og kva verknad det har i saker som omhandlar omsorgsovertaking og samvær. Vidare kjem ei drøfting av kva det biologiske prinsipp har å seie i dei alvorlegaste sakene med vold og alvorleg omsorgssvikt. Så analyserer eg kva som skal til for omsorgsovertaking. Til slutt skriv eg noko om kva det biologiske prinsipp har å seie for samvær og tilbakeføring.

Bache-Hansen (2003, s.3) hevdar at fleire av dei som har erfaring med vanskelege saker i barnevernet, meiner det biologiske prinsipp ikkje er egna som god nok grunn til å ta avgjerder i saker der omsorgsovertaking er det reelle alternativet. På same tid er det biologiske prinsipp framleis eit av grunnprinsippa i barnevernet sitt arbeid, og i St.meld. nr.40 (2001-2002) blir det lagt vekt på at dette skal vere eit grunnleggjande prinsipp i samfunnet. Det er difor viktig å diskutere korleis det biologiske prinsipp kan brukast i desse sakene og når det ikkje bør nyttast.

I vårt samfunn i dag finn me mange ulike familietypar, og det utfordrar det biologiske prinsipp. Det finst familiar med einslege foreldre, og i nokre familiar er det nye partnerar til biologiske foreldre. Nokre barn har «bonussøsken» hjå både biologisk far og mor. Det finst familiar med to foreldre av same kjønn, og nokre barn er adopterte frå utlandet. Det er difor, som Backe-Hansen (2003) skriv, familien som samlivsform det blir lagt vekt på anten personane er i biologisk slekt eller ikkje.

Det blir lagt ulik vekt på det biologiske prinsipp i ulike kontekstar. Ved adopsjon frå utlandet blir barnets beste gitt absolutt forrang. Dei som blir adopterte manglar ikkje alltid foreldre og søsken der dei kjem frå, men det har blitt vurdert at det er til barnets beste å ikkje bu saman med dei. Ved skilsmisse kan heller ikkje det biologiske prinsipp brukast som forankringspunkt. For å finne ut kvar barnet skal bu fast etter skilsmisse, må retten legge andre kriterier til grunn. Då blir blant anna kvaliteten på tilknytning mellom barnet og den enkelte forelder diskutert. I tillegg blir det vurdert kven av foreldra som kan gi barnet best omsorg (Backe-Hansen, 2003, s. 4-7). Bunkholdt (2003, s. 17) meiner at det er ikkje vanskeleg å sjå verdien i å vekse opp med biologisk familie. Men ho stiller spørsmål ved om

dette har med biologi å gjere, eller om det like godt kan vere psykologiske grunnar som behov for tilknytning og stabilitet.

Identitet blir ofte brukt i argumentasjonen for kva verknad det biologiske prinsipp skal ha i avgjerder om omsorgsovertaking og spesielt samvær, og det blir understreka kor viktig identitetskjenning er for barn. Ein del barn som har vakse opp hjå andre enn sine biologiske foreldre, viser interesse for sitt biologiske opphav når dei veks opp. I følgje Bunkholdt (2003, s. 19-20) handlar dette for dei fleste om eit behov for å sjå kvar dei kom frå og få på plass dette i sin identitet. Dei gjer det ikkje for å få ein ny familie å knyte seg til. Fleire seier også at dei ikkje har noko behov for å vite om sitt biologiske opphav, men at det er tilknytninga til adoptiv- eller fosterfamilien som er viktig for deira identitet. Her blir spørsmålet om identitetskjenning bygger på det biologiske utfordra. Er det noko me trur fordi samfunnet legg opp til at det skal vere slik? Bunkholdt (2013, s. 57) skriv at ho har gått gjennom mange lærebøker om utviklingspsykologi og ikkje funne nokon samanheng mellom biologi og barns utvikling av identitet. I staden for å kople det til biologi, blir det kopla til tilknytingsstøtte, korleis barna blir oppdregne og forhold i miljøet rundt barna. Dette viser at det biologiske prinsipp ikkje er avgjerande for identitetsutvikling hjå barn, men andre forhold kan vere like viktige.

Vidare i drøftinga vil eg sjå på samanhengen mellom det biologiske prinsipp og minste inngreps prinsipp. Her vil eg først sjå på kva lovverket seier om minste inngreps prinsipp. Deretter vil eg drøfte kva verknad det har for barnets beste.

4.1 Minste inngreps prinsipp kontra barnets beste

Kva verknad det biologiske prinsipp har i avgjerder om omsorgsovertaking og samvær, har samanheng med det minste inngreps prinsipp. Minste inngreps prinsipp er også eit av dei overordna prinsippa i barnevernet saman med barnets beste og det biologiske prinsipp. Dette prinsippet er ikkje eksplisitt nemnt i Barnevernslova, men kjem til uttrykk blant anna i Barnevernslova (1992) §4-4 fjerde ledd, som seier at dersom behova til barnet ikkje kan løysast ved andre hjelpetiltak, bør det vurderast om barnevernstenesta skal ta over omsorga. Det kjem også fram i §4-12 andre ledd at vedtak om omsorgsovertaking ikkje kan treffast dersom forholda kan avhjelpast med hjelpetiltak, og i §4-25 første ledd, som seier at før det vert gjort vedtak om plassering i institusjon, skal barnevernstenesta vurdere om det i staden bør setjast inn hjelpetiltak. Minste inngreps prinsipp vil seie at ein ikkje skal setje inn meir

inngrepande tiltak enn det som er høgst nødvendig. Føremålet med dette prinsippet er å hindre unødvendig bruk av offentleg myndigheit og makt og med dette styrke rettssikkerheita til både foreldre og barn (Eriksen & Germeten, 2012). Utviklinga i Norge dei siste åra viser ein klar auke av frivillige hjelpetiltak, og som vist i innleiinga er berre om lag 9000 av over 50000 tiltak i barnevernet i 2013 omsorgstiltak. Dette kan tyde på auka fokus på mildaste inngreps prinsipp i dette arbeidet. Mildaste inngreps prinsipp kan knytast opp mot det biologiske prinsipp og retten til privatliv og famieliv. I praksis betyr dette i følge Sandberg (2003, s. 41) at omsorgsovertaking ikkje skal brukast før hjelpetiltak er prøvd eller vurdert. Men Barnevernslova opnar på same tid opp for å setje til side omsynet til det biologiske prinsipp. Eit eksempel er §4-19 som omhandlar retten til samvær mellom barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Her står det i andre ledd at fylkesnemnda kan bestemme at det av omsyn til barnet ikkje skal vere samvær. Også i § 4-21 om tilbakeføring etter omsorgsovertaking, gir lova mulegheit til å omgå det biologiske prinsipp. Der står det i andre punktum at dersom det kan føre til alvorlege problem for barnet å flytte frå menneske og miljø på grunn av tilknytninga det har fått til desse, skal avgjersla om omsorgsovertaking ikkje opphevast. Denne bestemminga i lova vart endra i 2009 og viser at psykologiske forhold som tilknytning, uavhengig av biologi, blir lagt meir vekt på enn tidlegare.

Sandberg (2003) skriv at i forhold til minste inngreps prinsipp blir det i saker som omhandlar omsorgsovertaking, tradisjonelt rekna som mildase inngrep å flytte barnet tilbake til biologisk familie. Det er ikkje sikkert at dette stemmer med barnets syn. Eit barn som har budd i lengre tid hjå fosterfamilie har fått ein heilt anna situasjon enn det hadde tidlegare. I tillegg kan flytting for nokre barn vere eit alvorleg inngrep. Eg trur at kanskje det minste inngrep for desse barna er å bli buande i fosterfamilien og at dei blir trygga på å få vere der i framtida. Så kanskje det minste inngreps prinsipp burde fått eit nytt innhald i enkelte av desse sakene der barnet har budd lenge hjå fosterfamilie? I avsnittet om tilknytning vart omgrepet indre arbeidsmodell nemnt. Desse blir altså utvikla hjå barn dei første leveåra ut frå responsen dei får frå omsorgspersonane når dei treng trøst, hjelp og vern (Bowlby, 1988). Dersom barna som har vore i fosterheim har danna seg nye indre arbeidsmodellar gjennom sensitive fosterforeldre som har sett kva dei treng både emosjonelt og fysisk, kan det å flytte tilbake til biologiske foreldre bryte med desse arbeidsmodellane og bli eit tilbakesteg for barna. Barna kan ha danna seg nye og gode tilknytingsband gjennom opplevingar dei har hatt med fosterforeldra (Tjersland, Engen & Jansen, 2010, s. 79). Det er ikkje nødvendigvis barnas beste å bryte desse banda.

Som nemnt under punkt 3.2 om det biologiske prinsipp, stadfestar barnekonvensjon artikkel 16 barnets rett til eit privatliv i familien, men også her opnar lova opp for å gripe inn i familielivet. Artikkel 9 seier at dersom det er nødvendig av omsyn til barnets beste, kan barnet skiljast frå foreldra. Menneskerettskonvensjon artikkel 8 om retten til respekt for privatliv og familieliv, opnar opp for unntak der det er nødvendig av omsyn til andre sine rettigheter. Dette viser ulik vektlegging av det biologiske prinsipp ut frå barnets behov.

Eg trur at minste inngreps prinsipp kan vere eit etisk dilemma for barnevernsarbeidaren dersom utfallet på saka kan bli omsorgsovertaking. Det må dokumenterast at hjelpetiltak er prøvd og ikkje fører fram for å kunne fremje sak for fylkesnemnda. For å vere sikrare på å vinne fram med saka, kan hjelpetiltak bli prøvd over lang tid og nye tiltak sette inn for å ha prøvd alt. Dette kan føre til at barna blir verande for lenge i ein situasjon utan god nok omsorg, og skadane kan bli større for barna.

4.2 Volds - og alvorlege omsorgssviktsaker og betydinga av det biologiske prinsipp.

Vidare i oppgåva skal eg drøfte kvifor det er i dei alvorlegaste sakene i barnevernet problemstillinga om betydinga av det biologiske prinsipp er viktigast å diskutere. Vold og mishandling er, i følgje Bunkholdt & Sandbæk (2013), ein del av omgrepet omsorgssvikt. Heltne og Steinsvåg (2011) skriv at det finst ulike typar vold, som for eksempel fysisk vold, psykisk vold, materialisert vold, seksualisert vold og latent vold. Fysisk vold kan vere slag, spark, brenning og liknande. Psykisk vold er for eksempel latterleggjering, nedvurdering og truslar. Med materiell vold meinast knusing og øydelegging av materielle gjenstandar, som kan skape frykt hjå barn. Å leve i konstant frykt for nye voldsepisodar blir kalla latent vold (Heltne & Steinsvåg, 2011).

Barn som lever under slike forhold utviklar ofte ei desorganisert tilknytingsform. Dette er ei av fire tilknytingsformer, og den definerer dei barna som har den dårlegaste tilknytninga (Kvello, 2010). Desse barna lever med frykt og eit stort behov for å beskytte seg. Ofte opplever dei at omsorgspersonane som skulle vere der for å trøste og gi dei beskyttelse, er dei som utøver vold mot barna. Dette kan føre til desorganisert tilknytning (Kvello, 2010). Barna viser ikkje noko klart mønster i bruk av omsorgspersonar når dei blir redde eller av andre grunnar treng omsorg. Dei kan trekke seg bort for å unngå omsorgspersonane, eller dei kan

vise motstridande signal som å gråte på same tid som dei snur ryggen til foreldra (Bunkholdt, 2000). Barna er redde for å utløyse fleire overgrep og vil difor unngå omsorgspersonen eller prøve og blidgjere han. Mange av dei utviklar psykiske lidningar som følgje av desse opplevingane. Dei får ofte sosiale problem ved at dei har ingen eller få venner, eller dei har ukritisk kontakt med veldig mange. Dei kan få problem med tilknytning til andre sjølv om dei får kontakt med gode omsorgspersonar. Det kan ta lang tid for dei å stole på andre vaksne etter slike opplevingar. Kor ofte og kor lenge mishandling har førekomme, verkar inn på seinare konsekvensar. Det viser seg at dersom barna har knytt seg til minst ein trygg vaksen i denne tida, kan dei ha lettare for å knytte seg til andre seinare i livet (Kvello, 2010).

Braarud & Raundalen (2011, s. 41-50) refererer til ulik forskning og har funne at familievold har store konsekvensar for barns utvikling og liv. Desse barna har større risiko for avvikande utvikling og har fleire symptom som kvalifiserer til psykologisk behandling. Dei er meir utsette for ulike åtferdsmessige problem, både utagering, aggresjon, depresjon og angst. Dei fann også at for mange barn gav det sterke utslag på konsentrasjon som igjen har innverknad på skuleprestasjonar.

Sjølv om ein er klar over kor alvorlege konsekvensar slike opplevingar kan få for barn, går det ofte lang tid før barna blir hjelpete i desse sakene. Her verkar nok omsynet til det biologiske prinsipp og minste inngreps prinsipp inn. Killen (1994, s. 63) skriv at behandlinga av slike saker ofte blir utsette, og det blir teke meir omsyn til dei vaksne sitt tidsperspektiv enn barnas. Ho har eit eksempel på dette som omhandlar Ole på fem år. Alt i svangerskapet vart det stilt spørsmål til foreldras omsorgsevne. Dei var då rusmisbrukarar og spørsmålet vart også stilt på fødeavdelinga. Barnevernet fekk saka, og det vart etablert tilsyn i familien. Det gjekk bra med dei i periodar, men innimellom var det husbråk. Kvar gang det kom nye meldingar til barnevernet sa mor seg villig til å samarbeide for å vise at ho hadde slutta med rus. Tida gjekk, og stadig fleire hjelpetiltak vart prøvde heilt til Ole var tre år. Da vart det fremja sak om omsorgsovertaking, men fylkesnemnda vedtok å sjå korleis det gjekk i enda seks månader til. Deretter utsette mors advokat saka fordi mor var blitt sjuk. Ole var fem år før han kom i fosterheim, og da hadde han utvikla store åtferdsproblem i tillegg til utviklingsfarseinkingar. Dette eksempelet er frå ei gamal kjelde, men eg såg i praksisperioden at realiteten er slik framleis. Ein ser her samanhengen mellom det biologiske prinsipp og mildaste inngreps prinsipp og korleis dette kan verke negativt for barn i situasjonar med alvorleg omsorgssvikt. Det blir ikkje teke nok omsyn til foreldras manglande evne til god nok utviklingsstøtte og heller ikkje til kor viktig trygg tilknytning er for barn. Bunkholdt & Sandbæk (2008, s. 135)

skriv at barn som lever i familiar med mishandling og grov omsorgssvikt, ofte er utsette for varige utviklingsproblem. Dersom barna får eit betre omsorgsmiljø så tidleg som muleg i utviklinga, vil dette redusere risikoen.

4.3 Kva skal til for omsorgsovertaking

Det er mange forhold som kan ha betydning når ein skal vurdere om omsorgsovertaking er til barnets beste. Gjennom kunnskap om barn og ulike erfaringar skal profesjonsutøveren vurdere kva som er best for det enkelte barnet. Ved avdekking av vold og alvorleg omsorgssvikt der det er fare for at barn tek vesentleg skade av å bli verande i heimen, kan barn bli plasserte utanfor heimen omgåande. Dette er heimla i Barnevernslova (1992) §4-6, andre ledd og blir kalla eit akuttvedtak. I slike tilfelle blir det ikkje teke omsyn til det biologiske prinsipp, men berre til kva som er best for barnet. Heltne & Steinsvåg (2011, s. 185) meiner nokre forhold er så skadelege for barn at det biologiske prinsipp ikkje kan ha verknad i avgjerder om omsorgsovertaking. Desse forholda er for eksempel at foreldra ofte overser barnas fysiske og psykologiske behov, eller utset dei for gjentekne traumatiseringar gjennom seksuelle overgrep, mishandling og at barn er vitne til vold blant omsorgspersonane. Skaderisikoen for barna er større til tidlegare dei blir utsette for det, til lengre det går for seg og til oftare det skjer (Heltne & Steinsvåg, 2011).

I nokre av sakene er det tvil om barna blir utsette for vald eller alvorleg omsorgssvikt, og då må det undersøkast vidare før det blir teke avgjerd om å krevje omsorgsovertaking. I denne undersøkinga trur eg det er viktig med eit godt tverrfagleg samarbeid. Det er naturleg å hente inn opplysningar frå dei som kjenner barnet best slik som barnehage, skule, foreldra og barnet sjølv. Mange forhold ved barn og foreldre blir kartlagde i desse undersøkingane, men eg har i denne oppgåva fokus på tilknytning og utviklingsstøtte. Barn som veks opp i miljø prega av mange risikofaktorar utviklar oftare ei desorganisert tilknytning, og ein finn dei ofte i barnevernet (Haugli & Havik, 2010, s. 71). I NOU 2012:5 (s. 81) blir det hevda at barn med utrygg ambivalent og utrygg unnvikande tilknytning ofte har relasjonsskader som kan betrast gjennom å lære foreldra nye samspelmønster. Føresetnaden er at foreldra er i stand til å ta i mot endringstiltaka som er nødvendige for å betre desse mønster. Barn med desorganisert tilknytning treng derimot ekstra trygge omsorgspersonar over tid for å endre tilknytingsåtfærd.

Kva verknad det biologiske prinsipp har i avgjerder om omsorgsovertaking, heng også saman med stabilitet og kontinuitet. I saker med omsorgsovertaking vil desse forholda ikkje kunne sameinast (Haugli & Havik, 2010, s. 83). Barnet kan ikkje behalde kontinuiteten det har ved å halde fram med å bu heime fordi stabiliteten i omsorga ikkje er god nok. Dei som skal ta avgjerd i saka må vurdere omsynet til stabil og god vaksenkontakt opp mot kontinuitet i omsorga. Dette er avgjerder som må takast individuelt ut frå omsynet til det enkelte barnet (Bunkholdt & Sandbæk, 2013). Det må vurderast om det er meir traumatisk for barnet å miste kontinuiteten i livet enn å leve med den grad av ustabilitet og dårleg omsorg som viser seg i den enkelte saka. Ein må ta omsyn til kva barnet meiner ut frå alder og modning, men det er ikkje barnet åleine som kan avgjere kva som er beste løysinga. Men i dei alvorlegaste sakene kan altså ikkje omsynet til kontinuitet takast med i vurderinga om omsorgsovertaking (Haugli & Havik, 2010). Dette er vanskelege vurderingar som krev godt fagleg og erfaringsbasert skjønn.

I forhold til utviklingsstøtte er det blant anna foreldras evne og vilje til å sjå barnet får deira synsvinkel, spesielt i vonde og vanskelege situasjonar, som blir avgjerande for omsorgsovertaking eller ikkje (Heltne & Steinsvåg, 2011, s. 188). I tillegg må dei kunne beskytte barnet både fysisk og psykisk, og ta ansvar for relasjonen til barnet. Dei må også ha evne og vilje til å tenke over eiga åtferd og vere villige til å endre denne dersom det er nødvendig for at barnet skal få det betre.

Om det blir omsorgsovertaking eller ikkje avheng av kva forståing barnevernstenesta, ulike psykologar, fylkesnemnd og domstol har på kva forhold som er beskyttande og kva forhold som utgjer risiko for barns utvikling (Haugli & Havik, 2010). Ut frå dette må dei avgjere kva som er barnets beste i kvar enkelt sak.

4.4 Samvær og tilbakeføring

Kva verknad det biologiske prinsipp har i avgjerder om samvær etter omsorgsovertaking har ofte samanheng med eventuell tilbakeføring. Samvær er viktig for å halde oppe kontakten med biologiske foreldre dersom målet er tilbakeføring, og frekvensen på samværa blir blant anna bestemt ut frå dette målet alt etter alder på barnet, tilknytning osv. No vil eg skrive noko om kva samvær kan bety for barns beste i desse sakene. Eg vil ha fokus på dei alvorlegaste volds- og omsorgssviktsakene. I følgje Barnevernslova (1992) §4-19 har barn og foreldre rett til samvær dersom anna ikkje er bestemt. I §4-19, andre ledd står det at fylkesnemnda skal

fastsetje omfanget av samværet, men dei kan også nekte samvær dersom det er til barnets beste.

Grunnlaget for å nekte samvær vil vere at det er nødvendig å verne barnet mot å bli hemma i utviklinga (Haugli & Havik, 2010). Oftast vil dette vere knytt til forhold ved foreldra, men det kan også vere knytt til reaksjonar barna har ved samvær. Dersom foreldra har utsett barnet for seksuelle overgrep eller fysisk vold, kan samvær vere traumatisk sjølv om det ved tilsyn kan hindre nye overgrep. Vonde opplevingar kan bli forsterka i møte med voldsutøvaren. Foreldra kan også på ulike måtar formidle til barnet at fosterforeldra ikkje er bra for det, og barnet kan få problem med tilknytninga til fosterforeldra og med å stole på at dei vil det vel. Dersom eit barn over tid nektar eller vegrar seg for å møte ein eller begge foreldra, må ein prøve å finne grunnen til dette. Det skal som oftast myke til før barna ikkje ønskjer å møte foreldra, og difor bør det vektast tungt dersom dette skjer (Haugli & Havik, 2010).

Burkeland (2013) skriv at hennar erfaring som tilsynsførar ved samvær er at mange samvær fungerer dårleg. Mange foreldre har begrensingar som hindrar dei i å gjennomføre gode samvær, og barna er ofte prega av vonde og vanskelege følelsar. Ho seier vidare at i nokre saker burde det ikkje vere samvær. Det er for eksempel i dei sakene der foreldra har store rus- eller psykiske problem, eller der dei stadig skuffar barna ved å ikkje møte til avtalt samvær. Også i dei sakene ein ser at barna får store problem både før, under og etter samvær burde samvær vore unngått. Det kan vere vanskar som sjølvskading, søvnproblem og utagering. Det er viktig å hugse på at samvær skal vere til barnets beste. Då bør ikkje det biologiske prinsipp føre til fastsetjing av samvær i saker der det ikkje er utviklingsstøttande og til det beste for barnet (Burkeland, 2013).

I NOU 2012:5 blir det sagt at det er barnets beste som skal vere styrande for samværet. Dersom dette kjem i konflikt med foreldra sine ønskjer, skal desse vere underordna barnets beste. Utvalet går inn for ei styrking av det utviklingsstøttande tilknytingsprinsipp, og dei vil at dette skal vere sterkare enn det biologiske prinsipp også i saker som omhandlar samvær. Burkeland (2013) meiner i denne samanheng at å ta barna regelmessig bort frå ein trygg fosterheim for å møte foreldre som har utført grov vold og omsorgssvikt mot dei, ikkje stemmer med prioriteringa av prinsippa som utvalet legg opp til.

Killen (1994, s. 578) meiner at i dei alvorlegaste sakene i barnevernet er tilbakeføring oftast uheldig. Det har ofte gått lang tid før ei omsorgsovertaking har blitt gjennomført. Mange tiltak har vore prøvde, og barnet har ofte vore utsett for store traumar. I tillegg har barnet i mange

tilfelle blitt knytt til både fosterforeldra og det nye miljøet. Det har skapt nye indre arbeidsmodellar med forventningar om vaksne som gir dei gode opplevingar og god og trygg omsorg. Ho meiner at dette vil skape problem overfor foreldra i tillegg til sorga over å miste fosterforeldra.

Eg trur at i dei alvorlegaste sakene med vold og grov omsorgssvikt kan samvær og tilbakeføring gjere vondt verre for dei barna som er utsette for dette. Det er ikkje lett å stole på nokon som har gjort ein vondt over lengre tid, og tru at denne no skal bli ein god omsorgsperson. Eg har erfart frå praksis at barn blir sett langt tilbake i utvikling og framsteg ved samvær. Men dette må tilpassast kvart enkelt barn etter behov og ønske.

5 Oppsummering

I denne oppgåva har eg undersøkt kva betyding det biologiske prinsipp har i avgjerder om omsorgsovertaking og samvær, spesielt i dei alvorlegaste sakene i barnevernet. Eg har gjort ein litteraturstudie der eg har vektlagt å finne kunnskap om kva betyding det biologiske prinsipp har for barnets beste i desse sakene. Teoretiske innfallsvinklar eg har valt for å belyse dette, er for det første barnets beste fordi det er eit overordna prinsipp i alt barnevernsarbeid. Vidare har eg brukt det biologiske prinsipp, og eg har forsøkt å forklare kvifor det står så sterkt i vårt samfunn. Dette fenomenet har ei kulturell tyngde i Norge. Eg har vidare sett på tilknytning og kva ulike typar tilknytning har å seie for barn. Den siste teoretiske innfallsvinkelen min er utviklingsstøtte. Eg har teke utgangspunkt i kva eigenskapar foreldra treng for at barn skal få ei best muleg utvikling, og kva risikofaktorar hjå foreldra som kan gjere ei sunn utvikling vanskelegare.

Det biologiske prinsipp står sterkt i vårt samfunn og familien har ein grunnleggjande verdi. Det blir hevda at det å vekse opp med biologiske foreldre er ein sentral verdi i seg sjølv. Men funna eg har gjort viser at psykologisk tilknytning kan vere like viktig som biologisk tilknytning. Mykje forskning viser at barn og unge treng gode og stabile omsorgspersonar som evnar å gi dei den tilknytning og utviklingsstøtte dei treng til ei kvar tid. Dei biologiske foreldra er ikkje alltid i stand til dette, og difor er det viktig med eit nyansert syn på det biologiske prinsipp. Nokre gonger må biologisk tilknytning vike for at barnet skal få betre oppvekstvilkår.

Eg har diskutert det mildaste inngreps prinsipp for å belyse problemstillinga mi, og konkludert med at dette prinsippet av og til kan føre til for mange prøvde hjelpetiltak før det vert fremja sak om omsorgsovertaking. Eg diskuterte også dette prinsippet i forhold til den situasjonen barn som har budd lenge i fosterheim opplever. Det er ikkje alltid til barnets beste med tilbakeføring til biologiske foreldre sjølv om forholda har betra seg. Barna kan ha danna seg nye indre arbeidsmodellar og knytt seg sterkt til fosterforeldra og sitt nye miljø. Det minste inngrep for desse barna kan vere å bli buande i fosterheimen sjølv om foreldra kan vise til ei vesentleg endring. Vidare analyserte eg meg fram til at alvorleg vald og omsorgssvikt kan få store konsekvensar for barns utvikling både i form av åtferdsproblem, angst, depresjon og konsentrasjonsproblem. Desse barna har ofte ei desorganisert tilknytning og treng i dei fleste tilfelle trygge og stabile omsorgspersonar for å få ei betre utvikling. Dersom desse barna først har komme til trygge og stabile forhold, er det viktig å ha fokus på barnets beste ved fastsetjing av samvær og eventuelt tilbakeføring.

Funna eg har gjort viser klart at verknaden av det biologiske prinsipp får størst konsekvensar i dei alvorlegaste sakene som gjeld vold og grov omsorgssvikt. Dersom det i desse sakene blir lagt for stor vekt på det biologiske prinsipp, er dette sjeldan sameina med barnets beste.

Litteraturliste:

- Ainsworth, M. D. S., Blehar, M. C., Wathers, E. & Wall, S. (1978). *Patterns of Attachment: A Psychological Study of The Strange Situation*. Hillsdale, New Jersey: Lawrence Erlbaum.
- Backe-Hansen, E. (2003). Biologi, barnevern og beslutninger: Kritisk refleksjon over det biologiske prinsipp. *Norges barnevern, nr.3-2003*, s. 3-15.
- Barnevernloven (1992). Lov om barnevern. Hentet 12.04.2015, fra <https://lovdata.no/>
- Bowlby, J. (1959). The nature of the child`s tie to his mother. *International Journal of Psychoanalysis*, 39, 350-373.
- Bowlby, J. (1988). *A Secure Base: Clinical Applications of Attachment Theory*. London: Routledge.
- Braarud, H. C. & Raundalen, M. (2011). Familievold og barns utvikling: Kunnskap fra forskning og praksis. I U. Heltne & P. Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien* (s. 41-50). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bunkholdt, V. (2000): *Utviklingspsykologi*. Oslo: Universitetsforlaget. Bunkholdt, V. (2003). Biologi eller psykologi som grunnlag for beslutninger i barnevernet – hva skal ha størst plass? *Norges barnevern, nr.1-2003*, s. 15-22.
- Bunkholdt, V. (2010): *Fosterhjemsarbeid. Fra rekruttering til tilbakeføring*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bunkholdt, V. (2013). Det biologiske prinsipp. På vei ut av barnevernet? *Norges barnevern, nr. 1-2013*, s. 52-62.
- Bunkholdt, V. & Sandbæk, M. (2013): *Praktisk barnevernarbeid*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Burkeland, S. (2013). Tilsyn ved samvær i barnevernsaker: Tilsynsførere trenger kompetanse. *Fontene Forsking, nr.1 – 2013*, s. 93-98.
- Den Europeiske menneskerettskonvensjon (1953). Hentet 14.04 2015, frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2
- Eriksen, E. & Germeten, S. (2012): *Barnevern i barnehage og skole. Møte mellom barn, foreldre og profesjoner*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

- Fellesorganisasjonen. (2015). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernpedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere. Stå opp for trygghet*. Hentet 06.05.2015, fra www.fo.no/yrkesetikk/yrkesetisk-grunnlagsdokument-article227-150.html
- FNs konvensjon om barnets rettigheter (1990). Hentet 17.04.2015, fra <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>
- Grøholt, B., Sommerschild, H. & Garløv, I. (2008): *Lærebok i barnepsykiatri*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hafstad, R. & Øvreeide, H. (2011): *Utviklingsstøtte. Foreldrefokusert arbeid med barn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Haugli, T. & Havik, T. (2010): *Samvær i barnevernsaker. Psykologiske og juridiske vurderinger*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Heltne, U. & Steinsvåg, P. Ø. (2011). Begrepsavklaringer og oversikt. I U. Heltne & P. Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien* (s. 18-27). Oslo: Universitetsforlaget.
- Heltne, U. & Steinsvåg, P. Ø. (2011). Hvor går grensen i situasjoner der barn utsettes for vold? En refleksjon over et utfordrende tema for barnevernet. I U. Heltne & P. Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien* (s. 184-190). Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2010): *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Killen, K. (1994): *Sveket. Omsorgssvikt er alles ansvar*.
- Kongeriket Norges Grunnlov (6.mai 2014): Hentet 30.03.2015 fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17>
- Kvellido, Ø. (2010): *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lindboe, K. (2012): *Barnevernrett*. Oslo: Universitetsforlaget.
- NOU 2012:5. (2012). *Betre beskyttelse av barns utvikling. Ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet*. Oslo: Departementenes servicesenter.
- Sandberg, K. (2003): *Tilbakeføring av barn etter omsorgsovertakelse*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Sandbæk, M. (2003). Verdier og faglige problemstillinger knyttet til det biologiske prinsipp i barnevernet. *Norges barnevern nr. 3-2003*, s. 16-21.
- Schiefløe, P. M. (2011): *Mennesker og samfunn. Innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Smith, L. (2002): *Tilknytning og barns utvikling*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Statistisk Sentralbyrå. (2013). Barn med barneverntiltak i løpet av året. Hentet 26.04.15. fra <http://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/saveselections.asp>.

St. meld. nr. 40 (2001-2002). (2002): *Om barne- og ungdomsvernet*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.

Tjersland, O. A., Engen, G. & Jansen, U. (2010): *Allianser. Verdier, teorier og metoder i sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.